



DEN NORSKE KYRKJA

Kyrkjelydane i Sveio

REFERAT MØTE I SVEIO SOKNERÅD

Dato:	8. mai 2025
Desse møtte:	Astrid Yasmin Furdal, Rune Hjelmeseter, Leiv Rossehaug, Solfrid Habbestad, Lars Severin Reiersen (vara), Eirik Aadland Tappel. Soknerådet er vedtaksfør.
Fråvær:	Anne Vierdal, Bente Johannesen, Hildur Larsen, Sigrund Breistig, Lars Edvart Larsen (vara), Rikard Stokkenes (vara)
Referent:	Rune Hjelmeseter

SR 34/25	<p>Opprop, godkjenning av innkalling og dagsorden</p> <p>Vedtak: Innkalling og sakliste blei godkjent.</p> <p>Til eventuelt: Evaluering av fasteaksjonen, Møtefrekvens og møtet i juni</p>
SR 35/25	<p>Godkjenning av referat frå førre møte.</p> <p>Vedtak: Referat frå møtet 3. april vart godkjent utan merknader.</p>
SR 36/25	<p>Gudstenester sidan sist</p> <p>Langfredag 18. april Fin gudsteneste, men kyrkjeframande kan finne salmane litt tunge og gamaldagse.</p> <p>Påskedag 20. april Kyrie: Sist periode hadde vi vedtak om å bruke den «allmenne serie frå 1977» òg på festdagar i dei liturgiske salmane – Det verkar som presten ikkje kjente til dette. Korleis vert vedtak i soknerådet følgt opp?</p> <p>2. påskedag 21. april «Prestavegsturen». God deltaking!</p> <p>Tilbakemelding om godt oppmøte på påskedagene, og sterkt åndsnærver på gudstenestene.</p>

SR 37/25	<p>Utvalgsmøter sidan sist.</p> <p><i>Kyrkjeleg fellesråd</i> Skal ha møte neste tysdag. AU har hatt møte og økonomiutvalet, men ikkje sjølve fellesrådet. Arbeider med budsjettprosess og innkjøp av robotplenklipparar.</p> <p><i>Koordinator for kyrkjevertgruppene</i> Mykje forfall i gruppene. Men vanlege gudstenester er det nok med 2 kyrkjevertar, med kyrkjekaffi i kyrkja.</p> <p><i>Utval for kyrkjeleg undervisning og læring (Trusopplæringsutvalet)</i> har ikkje hatt møte</p> <p><i>Diakoniutvalet</i> Har ferdigstilt diakoniplanen (eiga sak)</p>
SR 38/25	<p>Ungdomsår 2025 – 2026, svar frå MILK-arane</p> <p>Elisabeth Fauskanger har snakka med ungdommane på MILK om arbeidet for ungdom. Tilbakemeldinga var lagt ved innkallinga.</p> <p><i>Vedtak:</i> Soknerådet takkar for innspel og tek tilbakemeldingane med seg i arbeidet vidare i haustsemesteret.</p>
SR 39/25	<p>Plan for diakoni for Sveio sokn</p> <p>Diakoniutvalet har ferdigstilt plan for diakoni i Sveio sokn. Diakoni sine utgifter blir no ført som eigen post i Fellesrådet sitt rekneskap og Fellesrådets Vipps-konto skal nyttast i alle DU sine arrangement og tiltak.</p> <ul style="list-style-type: none"> • DU bed om at soknerådet stiller sikkerheit for 10 000 kr for eventuelt meirforbruk for diakoni-tiltak. • DU føreslår at soknerådet drøftar med Valestrand og Førde sokneråd om oppretting av eit felles diakoniutval, etter modell av trusopplæringsutvalet. <p>Drøfting rundt om soknerådet bør vedta planen før diakon har starta i stillinga og kan spele inn på den. Sidan besøkstenesta berre utgjer ein liten del av planen, er det ikkje relevant å utsette handsaminga.</p> <p>Tiltak på sjukeheimen – Dei som bidreg opplever at det er låg deltaking på tiltak på sjukeheimen på ettermiddagstid. Det er berre dei som kjem seg fram på eiga hand som deltek.</p> <p><i>Vedtak:</i></p> <ol style="list-style-type: none"> 1) Soknerådet vedtek plan for diakoni i Sveio sokn. 2) Soknerådet vil i sitt budsjett stille 10 000 kr i sikkerheit for evt. meirforbruk i diakonitiltak. 3) Soknerådet tek kontakt med Valestrand og Førde sokneråd for å drøfte eit felles diakoniutval.
SR 40/25	<p>Budsjett</p> <p>Leiar har sett opp forslag til budsjett for 2025 basert på erfaringstal. Leiar ønska å sjå budsjettet opp mot forbruk hittil i år, men har ikkje fått dette til før møtet.</p>

	<p>Forslaget vart gjennomgått i møtet.</p> <ul style="list-style-type: none"> • Spørsmål i møtet om faktura frå Håheim Gard • Støtte til konfirmantarbeid. <p><i>Vedtak:</i> Soknerådet vedtek forslaget til budsjett for 2025. Budsjettet blir lagt ved referatet.</p>
SR 41/25	<p>Eventuelt</p> <p>Saker meldt inn under eventuelt i sak 34:</p> <p><i>Evaluering av fasteaksjonen</i></p> <p>Godt gjennomført. Elisabeth Fauskanger og Rune Hjelmeseter hadde gått gjennom rodene i forkant og fordelt dei. Rodeskildringa har blitt oppdatert med adresser. Vi har ikkje fått oversikt over innsamla på Vipps.</p> <p>Til neste gong:</p> <ul style="list-style-type: none"> • Hugse å snakke med banken om innskotsgrense på automaten i forkant av aksjonen. Vi fekk ikkje sett inn alle pengane på dagen. <p><i>Møtefrekvens og møtet i juni</i></p> <p>Det er stort fråver på møtene i soknerådet. Diskusjon rundt frekvensen. Vil færre møte føre det betre deltaking? Møta bør passe med budsjettrapportering april (1. kvartal, august (2. kvartal), oktober (3. kvartal) og januar (årsrekneskap).</p> <p>Innspel om at Soknerådet vert for mykje «festkomite» med organisering av arrangement, med rydding og kaker, i tillegg til det ein gjer i regi av diakoni. Forslag om å lage ei dugnadsliste og fordele på alle, slik at alle ikkje treng delta kvar gong. Folk må byte innbyrdes, dersom det ikkje passar.</p> <p>Forslag om å avlyse møtet i juni og ha i staden ta neste møte torsdag 28. august.</p> <p><i>Vedtak:</i> Møtet soknerådet 5. juni vert avlyst. Neste møte vert torsdag 28. august klokka 17:30. Prest set opp førebels gudstenesteliste, som vert vedteken i augustmøtet.</p>
SR 42/25	<p>Møtekritikk</p> <p>Roterande ansvar for servering fungerte bra. Anne Vierdal, som hadde fått ansvaret bytta innbyrdes, då ho ikkje kunne kome. Leiar fortset med å sette opp serveringsansvar i innkallinga. Leiv Rossehaug kokar kaffi til møtene.</p>